

**Søkker om fritak for buplikt**

19.05.2009

**Oddbjørn Kroka, som bur i Uskedalen, har søkt om fritak for buplikt på eiegenomen som han har i Mauranger. Den består av under fem dekar fulldyrka jord, 20 dekar overflatedyrka og gjødsla beite, 200 dekar skog og 9.000 dekar anna areal. Bruket har ikkje vore i drift med dyr sidan 1988.**

På eiegenomen er det hovudhus, kårhus, løe, stabbur, eldhus, naust, sjøbu, vedskjul, ny hytte og gamal hytte. Fleire av dei er gamle og i dårleg stand.

Kroka har odelsrett til eiegenomen, er født og oppvaksen der og har tidlegare budd på bruket. Han har bygd kraftverk og driv ellers med hytteutleige og utleige av beite.

Bruket er ikkje drivverdigt med tanke på dyrehald eller normalt jordbruk, skriv Kroka i søknaden. Om langsiktige planar skriv han at han satsar på restaurering 'og ellers så vil tiden vise resten'.

Av Ola Matti Mathisen